

God Uskedal-innsats i Odda og Rosendal

27.05.2008



Gutane jublar etter å ha vunne begge kampene i Odda. Foran frå venstre Martin Yri Røssland, Marius Myklebust og Emil Bakke Berntsen. Bak, frå venstre, Sondre S. Myklebust, Kjartan Tungesvik, Robert Stensletten og Johannes Haugland. (Foto: Ragnvald Myklebust)

Dei unge fotballspelarane frå Uskedalen har vore i aksjon både i Rosendal og Odda i helga og levert ein fin innsats.



Sander Myklebust scorar eit flott mål.
(Foto: Endre Myklebust)

Sundag vart det arrangert cup for aldersbestemte klasser på en nye kunstgrasbana i Rosendal. Det var ein strålende fin dag og Uskedalen stilte med ein mix av flotte spelarar frå aldersgruppene 2000/2002. Det vart spela tre kampar der Uskedalen vant to og spela ein uavgjort. Til slutt var det utdeling av diplomar.



Ivrige uskedelinger var med og heia på gutane på Odda Stadion. (Foto: Ragnvald Myklebust)

Miniputtane (1998/1999) var med i si første turnering utanfor Kvinnherad, i Odda. Det prega første kampen mot Trio-Sunde. Etter første omgang stod det 3-3, men i andre omgang då nervane var borte vann dei komfortabelt 9-4- Andre kampen var mot Skare. Den vart spanande heilt til siste minutt. Gutane låg under fleire gonger, men kom stort mot slutten og klarte å dra i land sigeren med 7-5.

Gutane var svært fornøgde med den første turen ut av Kvinnherad og det går gjetord om den i dei andre laga, som verkeleg har fått respekt for dei. Treinarane Åge og Jan og alle foreldra som er med og står på for dei flinke gutane våre fortener takk.

Av Endre Myklebust og Ragnvald Myklebust



Stolte diplom-vinnarar etter cupen. Martin Arnesen manglar på biletet. (Foto: Endre Myklebust)